

Aktivt år i Uskedalen sokn.

12.02.2017



God aktivitet og godt besøk i Uskedal kyrkje

Årsmeldinga fortalte om eit svært aktivt år då kyrkjelyden hadde årsmøte etter gudstenesta i Uskedal kyrkje søndag ettermiddag. Mange har besøkt kyrkja i 2016 både på gudstenester, konserter, salmekveldar og temakveldar, og i tillegg har soknerådet gjort viktig arbeid i andre saker.

Soknerådsleiar Svanhill Haugland leia årsmøtet. Ho la også fram årsmeldinga då skrivaren er på feriereise. Soknerådet har fått svært gode tilbakemeldingar frå heile kommunen på konserterane og dei fire temakveldane med Magnar Kartveit(2) og Jørn Øyrehaben Sunde(2). Til saman har det vore 5 salmekveldar og konserter. Responsen og besøket på desse har vore svært godt. Kantor Eva Megyesi har vore sentral som både aktør og arrangør i fleire av desse. Sokneprest Lina Håland har vore ein svært sentral kontakt både med Magnar Kartveit som hadde temakveldar, og Bjarte Lending som hadde salmekveld/koncert saman med Lina. Ho har også vore dyktig aktør på fleire andre konserter.

Elles er det ei stor glede at kyrkjecoret Nordsang har starta opp under leiing av Eva Megyesi. Koret har medlemmer frå heile Kvinnherad og øver i Uskedalen kvar mandag.

Svært gode tilbakemeldingar var det på Engleverkstaden som vart gjennomført i kyrkja i samband med julegrantenninga. Svært mange born og foreldre var innom aktiviteten i kyrkja denne kvelden. Elles er det mange aktivitetar i bedehuset som kyrkja samarbeider med. Det gjeld både barneaktivitetar og konfirmantundervisning.

I tillegg til saker som er tilknytta den vanlege drifta nemner vi at det er i gang arbeid for å gjera dåpsakrestiet meir praktisk og tenleg. Det er m.a. planar om å få montert ein kjøkenbenk der. Det vert også arbeidd for å tilpassa kyrkjeskipet til rullestolbrukarar, og for å få til ein leike- og møtekrok.

Det har vorte søkt midlar til musikk- og songanlegg, og det vert arbeidd vidare med dette for å gjera tilbodet betre både for publikum og aktørar på dei flotte konserterane som vert arrangert. Fleire løysingar er aktuelle her.

Kasserar Ove Myhre la fram eit rekneskap som ballanserte med eit lite overskot.

I slutten av møtet kom det fram gode innspel frå kyrkjelyden som soknerådet vil ta med seg vidare.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Einar Gjertsen